

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 23.04.2025

Vår ref.: 202508791-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Sandsavatn og Suldalslågen i Suldalsvassdraget i Suldal kommune, Rogaland fylke

NVE har fått ein søknad frå Statkraft Energi AS om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Suldalslågen og sommarvasstanden i Sandsavatn for vedlikehald ved Hylen kraftverk. Dette er planlagt i perioden 17.07.2025 – 30.10.2025.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått ein søknad frå Statkraft Energi AS, datert 07.04.2025, om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet ved Sandsavatn og Suldalslågen for Hylen kraftverk.

For å unngå varig svekking av sjaktluker ved Hylen kraftverk er det nødvendig med vedlikehald. Prosjektet med vedlikehald er planlagt hausten 2025 og for å halde oppe sikker flaum- og vasshandtering i perioden blir det søkt om å fråvike reglementet for minstevassføring i Suldalslågen og sommarvasstand i Sandsavatn.

Det blir søkt om å senke Sandsavatn til kote 590 i perioden 17.07. – 01.08. for å ta høgd for variasjon i tilsig. Vidare blir det søkt om å fråvike sommarvasstanden i Sandsavatn ved å halde vasstanden på minimum kote 590 i perioden 01.08. – 20.08. For Suldalslågen blir det søkt om å avvike frå pendling i minstevassføring og halde sleppet på minimum 40 m³/s mellom 01.08. – 15.10. og på 35 m³/s 16.10. – 30.10. Det blir også søkt om å utsetje spyleflaumane til perioden 24.10. – 07.11.

Søknaden i sin heilheit med tilhøyrande vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9657/v.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer tilbakemeldingar knytte til momenta i søknaden. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom dei meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.



Slik sender du inn høgringfråsegn

Eventuelle kommentarer kan sendast på e-post til osos@nve.no. Merk e-post med «Høgringfråsegn» og saksnummer 202508791 i emnefeltet.

Frist for å sende fråsegn er **23.05.2025**

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli referert i saka. Er høgringfråsegna lang, oppmodar NVE høgringpartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag.

Høgringfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir laga ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Oscar Østvold
førstekonsulent

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND
Suldal kommune
Stavanger Turistforening Hovedkontor
MILJØDIREKTORATET
Forum for natur og friluftsliv Rogaland
NORGES JEGER OG FISKERFORBUND ROGALAND
Setesdal-Ryfylke Villreinområde
Suldalslågens forvaltningslag
LYSE KRAFT DA

Kopimottakarliste:

STATKRAFT ENERGI AS
STATKRAFT ENERGI AS - Hallgeir Aarbakk